

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 3. juni 2019  
Vår ref.: 19/274  
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

## Vedtak om opplysningsplikt for undersøkinga Ledige stillingar, kvartalsvis rapportering

Statistisk sentralbyrå (SSB) treng informasjon frå MELAND KOMMUNE for å lage offisiell statistikk om Ledige stillingar. Her får de informasjon om kva opplysningsplikta inneber.

Informasjon om korleis de skal rapportere via Altinn og frist for innsending får de seinare i eit eige brev.

### Kva skal de rapportere?

For å kunne lage god statistikk over kor mange stillingar som er ledige i ulike næringar, treng vi informasjon om talet på ledige stillingar i verksemdene. Det er viktig at de svarer sjølv om de ikkje har hatt nokon ledige stillingar. Vi er ute etter alle betalte stillingar som er lyste ut, anten formelt eller uformelt.

### Svara dykkar er viktige

Offentlege verksemdar, næringsliv, forskarar og politikarar bruker statistikken for å forstå utviklinga på arbeidsmarknaden. Undersøkinga blir gjennomført i alle EU-landa, og Noreg pliktar etter EØS-avtalen å følge opp dette. NAVs statistikk over ledige stillingar har ikkje det omfanget og den avgrensinga av ledige stillingar som ligg i dei internasjonale krava.

### De har plikt til å rapportere innan fristen

Statistikken er så viktig for samfunnet at det ikkje er valfritt å delta. Opplysningsplikta gjeld for verksemda/verksemdene som står oppført nedst i dette brevet. Vedtaket kan også gjelde nye verksemdar i føretaket. Dersom de ikkje sender opplysningane innan fristen, vil føretaket få tvangsmulkt. For statlege forvaltningsorgan gjeld eigne reglar.

### Aktuelt regelverk er

- plikta til å gi og retten til å hente inn opplysningar: statistikklova § 2-2
- retten til å påleggje tvangsmulkt: statistikklova § 2-3
- retten til å drive inn mulkt med tvang og krevje betaling for kostnader: tvangsfullføringslova
- retten til å klage på eit vedtak: forvaltningslova kapittel VI

Desse lovene finn de på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

### Meiner de at vedtaket er feil?

Meiner de at føretaket ikkje har opplysningsplikt, kan de klage på vedtaket innan tre veker frå de tek imot vedtaket. De må gi grunnar for klagen, og alle opplysningar som kan ha betydning for behandlinga av klagen, bør takast med.

De sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for brukerkontakt, Postboks 1400 Rasta, 2225 Kongsvinger eller på e-post til [fritak@ssb.no](mailto:fritak@ssb.no).

Klagen må innehalde

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på årsaka til at de meiner at føretaket ikkje har opplysningsplikt

Finansdepartementet er klageinstans.

### Har de spørsmål?

Kontakt oss på

- e-post: [datafangst@ssb.no](mailto:datafangst@ssb.no)
- telefon: 62 88 51 90

Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Gi opp organisasjonsnummeret til føretaket, så kan vi hjelpe dykk raskare.

Med helsing



Geir Axelsen  
administrerende direktør



Roger Jensen  
seksjonssjef

**De skal gi opplysningar om desse verksemdene:**

<b>Org.nr.:</b>	<b>Namn/Avdeling:</b>	<b>Adresse:</b>
914415152	MELAND KOMMUNE AVLAUPSVERK	Havnevegen 41A 5918 FREKHAUG
974586169	MELAND BIBLIOTEK	5918 FREKHAUG

Vedtaket kan også gjelde nye verksemder i føretaket.